



Arkivnr: 2015/4828-7  
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

**Delegert saksframlegg**

**Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt**

## **TILDELING AV 5 NYOPPRETTA RESERVEDROSJELØYVE TILKNYTT OSTERØY TAXI AS**

### **Samandrag**

Etter søknad frå Osterøy Taxi As fatta samferdselsutvalet i møte 03.06.2015 vedtak om å opprette 5 nye reserveløyve tilknytt Osterøy Taxi As. Løyva blei utlyst internt 09.07.2015 blant løyvehavarane i sentralen. Innan søknadsfristen gjekk ut 17.08.2015 hadde det meldt seg 3 søkjarar.

Yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport vert lagt til grunn i samband med denne tildelinga.

### **vedtak**

Med heimel i yrkestransportlova §§ 4 og 9, jf. forskrift om yrkestransport § 43 vedtar fylkesdirektøren å tildele drosjeløyve :

- 1. R-894 til Roar Skår**
- 2. R-895 til Thor-Eivind Mjelde**
- 3. R-896 til Svein-Harald Solberg**

Det skal installerast taksameter i bil registrert på drosjeløyva R-894, R-895 og R-896. Det skal registrerast bil med plass til inntil 9 personar på løyva.  
Det skal setjast bil i drift på løyva innan 31. november 2015

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy  
spesialkonsulent

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesdirektør samferdsel, 31.08.2015

5 nyoppretta drosjeløyve tilknytt Osterøy Taxi AS vart kunngjort ledig internt 09.07.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut 17.08.2015 hadde det meldt seg 3 søkjarar.

### 2. Lovheimel

Lov om yrkestransport og forskrift om yrkestransport, vart lagt til grunn i denne tildelinga.

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

**God vandel** skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny politiattest skal leggjast fram kvart tredje år.

**Tilfredsstillande økonomisk evne** inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

**Tilstrekkeleg fagleg kompetanse** inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

### 3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

**Roar Skår** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 19 år, 6 månadar og 7 dagar. Han har drosjeløyve R-84, R-823 og R-875. Roar Skår har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-894 til Roar Skår. Drosjeløyve R-894 skal vere tilknytt Osterøy Taxi AS.

**Thor-Eivind Mjelde** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 16 år, 8 månadar og 8 dagar. Han har drosjeløyve R-85, R-872. Thor-Eivind Mjelde har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-895 til Thor-Eivind Mjelde. Drosjeløyve R-895 skal vere tilknytt Osterøy Taxi AS.

**Svein- Harald Solberg** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 15 år, 3 månadar og 9 dagar. Han har drosjeløyve R-71, R-870 og R-874. Svein Harald Solberg har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-896 til Svein Harald Solberg. Drosjeløyve R-896 skal vere tilknytt Osterøy Taxi AS.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyve R-894, R-895 og R-896 innan **31. november 2015**